



Også den eitt år gamle Sigrid, dottera til turngruppeleiar Hege Lekva, tykkjer at modulsettet er spanande. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Turngruppa har satsa 18.000 kroner og gått til kjøp av eit modulsett av skumprodukt som er midt i blinken for dei yngste. Det er finansiert gjennom julebutikken i Sætre-huset og juleavslutninga, fortel leiar Hege Lekva til uskedalen.no.**

Ho og styret er oppteke av å satsa på nye trimapparat og -innretningar som gjer det enda meir interessant og fristande å trimma. I fjor gjekk dei til dømes til kjøp av gymstick, som har vorte eit svært populært trimhjelpemiddel og dei har lenge planlagt å skaffa fleire slags apparat.

Dei fargerike modulane er mjuke, men likevel faste nok til å tåla vekta av fleire ungar. Dei er lette å bæra, samla og rydde til side og dei held fasongen sjølv etter intens bruk, lovar produsenten.

- Å leika seg i og med modulane er ikkje minst kjekt for dei mellom tre og seks år og det er særleg med sikte på denne gruppa at vi har gjort denne satsinga. Men også dei som går i idrettsskulen og går frå første til fjerde klasse på skulen har stor nytte og glede av å nytta modulane, seier Hege.

Også før har dei laga "hunderløype" av mattar og benkar, men modulane betyr naturleg nok heilt andre moglegheiter til å lage ei spanande "løype".

- Har gruppa planar om å satse på enda fleire spanande innretningar?

- Vi har ikkje fleire konkrete planar no, men vi skulle nok hatt noko meir til idrettsskulen for å utfordra også denne aldersgruppa, seier Hege.

Av Ola Matti Mathisen